

Årsmelding

for Aurland fjellstyre

2008



**Aurland fjellstyre,
februar 2009**

FØREORD

I denne årsmeldinga har me prøvt å ta med det viktigaste av det som fjellstyret har arbeidd med i året som har gått, i tillegg til oversiktar over fiskefangst, felte reinsdyr, hjort og ryper o.a. Årsmeldinga ligg ute på fjellstyret si nettside www.aurland-fjellstyre.no. Der finn ein og meir informasjon om tilboda i statsallmenningane i Aurland.

Aurland, den 3.2.2009

Per Dale
fjellstyreleiar

Anne Karin Buene

Osvald Turlid

Bente Steine

Olav Grønsberg

INNHALDSOVERSIKT

1.	FJELLSTYREARBEID OG –SAKER I 2008	side	3
2.	OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING	"	5
3.	FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE	"	6
4.	FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR	"	6
5.	REIN OG REINSJAKT	"	8
6.	ELG- OG HJORTEJAKT	"	9
7.	SMÅVILT	"	10
8.	FISKE	"	11
9.	ØKONOMI	"	12

Vedlegg:

- Fangststatistikk fiske, Aurland statsallmenning 2008
- Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning i 2008
- Fjellstyrerekneskapen for 2008

Framsdebilete:

- 7 kl. ABU på prøvafiske i Melavotni i september 2008 (foto: Cecilie Bugge)
- Prøvafiskefangsten frå fremste Melavatnet (foto: Cecilie Bugge)

1. FJELLSTYREARBEID OG SAKER I 2008

19. februar:

- 1/08. Referat og meldingar
- 2/08. Fjellstyrerekneskapen for 2007
- 3/08. Fjellstyret si årsmelding for 2007
- 4/08. Retningsliner for elg- og hjortejakta i Aurland statsallmenning
- 5/08. Møteplan 1. halvår 2008
- 6/08. Val av revisor
- 7/08. Val av medlem og varamedlem til styret for Aurland Setjefisk BA

1. april:

- 8/08. Referat og meldingar
- 9/08. Ynskje om kjøp av statsallmenningsgrunn som tilleggsareal til Frønningen
- 10/08. Retningsliner for elg- og hjortejakta for Aurland statsallmenning
- 11/08. Leigekontraktar for elg- og hjortejakt i Aurland statsallmenning
- 12/08. Saker til årsmøtet i villreinutvalet for Nordfjella - val av fjellstyret sin representant til styret
- 13/08. Søknad om fellingsløyve som premie til jaktkarusell

13. mai:

- 14/08. Referat og meldingar
- 15/08. Framlegg til godtgjersler til fjellstyremedlemene
- 16/08. Sal av stålkontainer
- 17/08. Plan for synfaring i Nordheimsdalen i samband med leige av hytter o.a.

10. juni:

- 18/08. Referat og meldingar
- 19/08. Trekking av fellingsløyva for rein
- 20/08. Samjaktavtalar for jakta 2008
- 21/08. Fiskeutsetjing i Aurland statsallmenning sommaren 2008
- 22/08. Avtale med allmenningsstyret for Nordheimsdalen om leige av hytter o.a.
- 23/08. Søknad om gåvepremie til samlagsstemna i baneskyting 2008
- 24/08. Sal av stålkontainer

7. august:

- 25/08. Referat og meldingar
- 26/08. Klager på trekninga av fellingsløyva for villrein
- 27/08. Søknad om utsett mottak av tildelt fellingsløyve frå 2008 til 2009
- 28/08. Fjellstyrerekneskapen for 1. halvår 2008
- 29/08. Søknad frå Sjur H. Rørlien om løyve til å fiska med garn i Aurland statsallmenning som innanbygdsbuande
- 30/08. Søknad om ei veke permisjon med løn

27. november:

- 31/08. Referat og meldingar
- 32/08. Oppsynsbudsjetten for 2009
- 33/08. Fjellstyrebudsjetten for 2009

Andre møte:

- Fjellstyret, saman med grunneigarlaget for villreinvald, skipa til jegermøte før reinsjakta.
- Fire av fjellstyremedlemene, og dei tre tilsette, deltok på kurs for nye fjellstyre i mars
- Synfaring i Nordheimsdalen saman med allmeningsstyret i slutten av mai

Elles har fjellstyret vore representert i følgjande organ:

- Norges fjellstyresamband, årsmøtet (4 frå fjellstyret deltok)
- Norges fjellstyresamband, styret (Solveig Roti Aasen sat i styret fram til årsmøtet i juni)
- Villreinutvalet for Nordfjella, styret (Per Dale)
- Aurland setjefisk BA, styret (Anne Karin Buene overtok etter Magne Lundeland)
- Aurland fiskeadministrasjon, styret (Håkon Øydvinn)
- Regionalt oppsynsutval for Nordfjella/Hardangervidda (Per Dale)
- Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda (observatørstatus)
- Rådgjevande utval for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden (Harald Skjerdal)

Av saker som fjellstyret har jobba mykje med dette året, kan nemnast:

- Fastsetjing av lokale retningslinjer for elg- og hjortejakta i statsallmenningen.
- Flytting av Berdalsbu, og istandsetjing av denne hytta
- Inngåing av leigeavtale med allmeningsstyret for Nordheimsdalen om hytter og andre anlegg i området
- Klagesaker i samband med tildelinga av fellingsløyve for rein

Fjellstyret har løyvt eitt tilskot til allmennyttige føremål dette året – tilskot på kr. 750 til Aurland skyttarlag i samband med samlagsstemna i baneskyting.

2. OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING

Fjellstyret sine tilsette:

- Dagleg leiar/fjellopsyn, 50 % stilling: Harald Skjerdal
- Fjellopsyn/driftsstyrar setjefiskanlegg, 100 % stilling: Håkon Øydvin
- Fjellopsyn/gjetar, 50 % stilling + tilleggsarbeid: Øystein Flaget

Til saman utgjer dette litt over 2 årsverk. Det vart utført **3601** timeverk (3711 i 2007). 1665 av desse timane, eller om lag 46 % av samla arbeidstid, var arbeid for andre oppdragsgjevarar.

Det vart ikkje registrert sjukefråver i 2008. Året før var sjukefråveret 0,6 %.

Fordeling av arbeidstida på "andre oppdragsgjevarar" i 2008:

<i>Oppdragsgjevar</i>	<i>Arbeidsoppgåver</i>	<i>Timar</i>
<i>Aurland Setjefisk BA</i>	<i>Driftsansvar setjefiskanlegg, stamfiske, fiskeutsetjing</i>	<i>727</i>
<i>Villreinutvalet for Nordfjella</i>	<i>Sekretærarbeid, teljingar, jaktoppsyn</i>	<i>431</i>
<i>Statens Naturoppsyn</i>	<i>Rowiltkontakt, oppsyn, skjøtselsoppdrag</i>	<i>456</i>
<i>NINA</i>	<i>Merkeprosjektet for villrein</i>	<i>26</i>
<i>Elveeigarlag, grunneigarlag, andre</i>	<i>Fiskeoppsyn, fjelloppsyn, transportar</i>	<i>25</i>
	<i>Totalt:</i>	<i>1665</i>

Oppsynskontrollar og reaksjonar i 2008 (tal frå 2007 i parentes):

	<i>Tal kontrollerte</i>	<i>Melde/rapporterte saker</i>	<i>Saker oppgjort på staden</i>
<i>Småviltjakt</i>	- (3)	- (-)	- (-)
<i>Storviltjakt</i>	94 (83)	2 (1)	4 (-)
<i>Fiske</i>	21 (17)	- (-)	3 (2)
<i>Motorferdsle</i>	7 (21)	1 (2)	2 (-)
<i>Anna</i>	- (5)	-	- (5)
<i>Tal informerte:</i>	206 (167)		

3. FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE

Fjellopsynet har dette året organisert og delteke på følgjande fiskedagar for skuleklassar i grunnskulane i kommunen:

- 26. august: Fiskedag i Stemmerdalen med 3. og 4. kl. ABU
- 27. august: Fiskedag i Stemmerdalen med 1. og 2. kl. ABU
- 28. august: Fiskedag i Stemmerdalen med Flåm skule
- 11.-12. september: Prøvefiske i Fremste Melavatnet med 7. kl. ABU

Fiskedagane i Stemmerdalen, med garnsetjing ovanfor terskelen, fungerer og som tynningsfiske i eit vatn som har ein fiskebestand som er i tettaste laget. Alle fiskedagane gav rikeleg med fisk på garn, og alle fekk smaka på fisken som vart steikt på steinhelle på bål. Dette er velprøvde opplegg som har gått over fleire år. Det inneber at alle elevar i Aurland når dei går ut av grunnskulen har fått vore med til fjells på fiske 5-6 skuledagar.

4. FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR

Fjellstyret har no 5 opne hytter som alle som ynskjer det kan nytta mot å betala ein overnattingspris på kr. 50 (gratis for born under 16 år):

- Storebotnhytta (bygd i 1982, 7 sengeplassar)
- Melahytta (bygd i 1983, 14 sengeplassar)
- Hellenuthya (bygd av Oslo Lysverker i 1965, 6 sengeplassar)
- Mellomvasshytta (bygd i 1985-86, 6 sengeplassar)
- Berdalsbu (overtaken frå E-co Vannkraft i 2008 og flytt til ny tomt, 4 sengeplassar)

I tillegg eig fjellstyret desse hyttene:

- Gjetarhytte i Brubotn (bygd av Oslo Lysverker i 1966, overtaken av fjellstyret i 1992. Base for sesongoppsyn/gjetar)
- Utleigehytte i Håbergsholene (overtaken av fjellstyret frå Statnett i 2006, vert leigd ut til interesserte, 10 sengeplassar, leigepreis fastsett av fjellstyret)

Nordheimsdalen

I 2008 vart det inngått ein avtale mellom fjellstyret og allmeningsstyret for Nordheimsdalen, som inneber at fjellstyret får disposisjonsretten til dei hyttene som allmeningsstyret eig i dalen. I avtalen heiter det at desse hyttene kan drivast som vanlege fjellstyrehytter. I første omgang tyder det at hytta i Brendelid, som har 8 sengeplassar, vert opna for meir allmenn bruk. Det er planar om å fornya noko av utstyret i hytta komande sesong. I mange år er det berre jaktlaget som har hatt hjortejakta i dalen som har nytta hytta. Fjellstyret har og sett i gang eit arbeid for å restaurera den vesle lafta hytta som ligg nede ved fjorden, slik at denne og skal kunna nyttast til overnatting. Det vert m.a. søkt om økonomisk medverknad frå kulturminnefondet og Statens naturoppsyn til dette.

Arbeid på fjellstyrehyttene

Følgjande arbeid vart utført på hyttene til fjellstyret dette året.

- Berdalsbu: I april vart hytta flytt frå den tidlegare tomta under kraftlinja til ny tomt ved nedre Berdalsvatnet. Grunna vanskeleg føre vart dette eit tungt arbeid, som kravde mykje maskinkraft og folk (sjå bilete nedanfor). Etter flyttinga måtte nokre av dei utvendige platene skiftast. Golvet vart slipt og lakka, og det er laga nye senger med overkøyar. Det vart tetta kring ytterdør, og utvendige lister vart beisa. Komplett nytt kjøkenutstyr vart innkjøpt.
- Håbergsholene: Snurredassen vart retta opp og vifta sett i stand, slik at han no verkar slik han skal. Ein del gamle røyrstolar vart erstatta med nye dreia stolar i tre (frå Edvin Flåm). Vassrøyr vart ordna, slik at vasstilførsel fungerer.
- Storebotnhytta: Heile hytta beisa utvendig.
- Melahytta: Alle vindaugssprosser beisa utvendig.
- Hellenuthytta: Alle vindaugssprosser beisa utvendig.
- Mellomvasshytta: Lagt ny takpapp på utedoen.




Frå flyttinga av Berdalsbu den 23. april 2008

Naust og båtar

Fjellstyret hadde dette året 10 båtar liggjande ved vatn i allmenningen, til bruk i samband med fiske:

- Nedste Storebotvatnet (naust og båt)
- Hellenutvatnet (naust og båt)
- Holmavatnet (naust og båt - båten tilhører Aurland jakt- og fiskelag)
- Nyhellervatnet (båt i fiskesesongen)
- Langavatnet ved Kongsheller (båt)
- Svartavatnet (båt)
- Mell. Mellomvatnet (båt)
- Nedste Grovgjuvatnet (båt - skal flyttast til eit anna vatn før sesongen 2009)
- Katlamagasinet (båt i fiskesesongen)
- Fremste Melavatnet (båt, ny i 2007)

Det ser ut til at båtane stort sett vert tekne godt vare på, og held seg bra, også dei som vert lagra ute om vinteren. Ved eitt høve sist haust steig vasstanden i det regulerte Svartavatnet så høgt at båten dreiv utpå. Her krevst det at dei som brukar båten dreg han langt nok opp etter bruk.



5. REIN OG REINSJAKT

På Aurland statsallmenning vart det tildelt 82 fellingsløyve dette året, det same som året før. Fordelinga var 40 % frie dyr, 30 % simle/ungdyr og 30 % kalv. Etter at eitt fridyrskort vart gjeve til trekning mellom dei som deltok på jaktkarusellen, vart 57 søkjarar tildelt fellingsløyve. Kalvekorta vart som vanleg tildelt saman med simlekorta. I tillegg fekk fjellstyret 5 løyve overført frå grunneigarlaget i Ål, som resultat av vilkår i samjaktavtale. Det var innan søknadsfristen 207 innanbygdsbuande søkjarar på fellingsløyva. Etter kvart kom det til nokre fleire, søkjarar som hadde sendt søknad på e-post som ikkje kom fram til fjellstyret sin innboks. Dette problemet hadde fjellstyret tenkt ein var sikra mot, ved at det var understreka i utlysinga at søkjarar som ikkje hadde fått svar på e-post ikkje kunne rekna med at søknaden var registrert. Dette viste seg ikkje å vera tilstrekkeleg - ikkje alle hadde fått det med seg. Ei klage frå ein søkjar som ikkje vart med i trekninga av denne årsaka er no avgjort av DN. Vedtaket til DN gav fjellstyret medhald i det vedtaket som vart gjort.

Samjaktavtalar

Samjaktavtalen mellom alle private jaktfelte og statsallmenningen i Aurland:

Denne avtalen gjeld som han med små endringar har gjort sidan han vart oppretta i 1976. Heile 63 % av fellinga i Aurland skjedde på anna felt enn der kortet var utskrive, m.a.o. i medhald av denne avtalen.

Samjaktavtale for statsallmenningane og ein del private jaktfelt i heile Nordfjella:

Denne avtalen vart oppretta like før jakta i 2008, etter ein lengre periode med forhandlingar, og først underskriven og offentleggjort ei veke ut i jakta. Alle statsallmenningane slutta seg til avtalen, og ein del private jaktfelt, særleg i Hallingdalskommunane. Ingen private felt i Aurland var tilslutta avtalen. Dei siste 10 dagane av jakta opna avtalen for samjakt mellom alle dei tilslutta felte, noko som var ei stor endring i høve til tidlegare ordningar. Likevel vart det ikkje jakta særleg meir over kommunegrensene enn det som har vore tilfelle dei føregåande åra. 70 dyr, eller 19 % av totalfellinga i villreinområdet, vart felt i andre kommunar enn der kortet var utskrive.

Samjaktavtale mellom statsallmenningane i Aurland og Ulvik:

Gjeld som han har gjort sidan 2007. Ingen meldingar om at avtalen er nytta i praksis. Det aktuelle samjaktområdet ligg langt frå veg og jernbane. Den meir omfattande samjaktavtalen som er skildra ovanfor gjer denne avtalen mindre aktuell.

Samjaktavtale med Ål villreinald:

Avtalen har vore verksam i fleire år. Avtalen inneber at grunneigarar frå Ål som er tilslutta avtalen kan jakta i Aurland etter ein viss dato, mot å avgje nokre fellingsløyve til fjellstyret.

"Påskrift på kort:"

Til saman 46 kort frå nabokommunar fekk fjellstyret sitt stempel og påskrift som gjorde at dei kunne nyttast i Aurland av innanbygdsbuande, i samsvar med vedtak gjort i fjellstyret og grunneigarlaget. Omfanget av denne ordninga har auka sterkt – dei føregåande par åra har talet på slike kort lege på kring 25.

Reinsjakta

Fellinginga i Aurland vart bra, sjølv om hovudflokkane heldt seg langt aust i villreinområdet det meste av jakta. Det var heile tida mindre flokkar att i Aurland, særleg i Vestfjelli. Siste veka kom hovudflokkane vestover att, utan at det vart jakta spesielt hardt på desse. På statsallmenningssløyva vart fellingsprosenten 56,1. Det er så vidt under nivået dei to føregåande åra.

I Aurland nordre statsallmenning kom det ingen meldingar om at det var registrert dyr under jakta. I resten av området som ligg vest for fylkesvegen Aurland - Erdal vart det felt 8-10 bukk, av dei ca. 20 som var i området ved jaktstart.

Fellingsresultatet for Aurland statsallmenning, totalt for Aurland og for heile Nordfjella villreinområde jakta 2008:

	Aurland statsallm.	Aurland totalt	Nordfjella
<i>Vaksen bukk</i>	15	39	146
<i>Bukk 1 ½ år</i>	4	16	36
<i>Bukkekalv</i>	2	9	24
<i>Vaksen simle</i>	22	41	120
<i>Simle 1 ½ år</i>	1	1	11
<i>Simlekalv</i>	2	7	31
Felt i alt	46	113	368
<i>Tildelt kvote</i>	82	171	650
<i>Fellingsprosent</i>	56,1 %	66,1 %	56,6 %

6. ELG- OG HJORTEJAKT

Fellingskvoten i Aurland nordre statsallmenning (Nordheimsdalen) var på 11 hjortar og 1 elg. Heile hjortekvoten vart felt, og det vart i tillegg felt ein elgkalv.

Valdet er framleis delt i to, med eit øvre felt (over 600 m.o.h.) som er utleigt til Aurland jakt- og fiskelag for 4 år, og eit nedre felt som vert utleigt av fjellstyret for to år, etter utlysing og trekking på internettsida inatur.no. I denne trekninga stiller utanbygds og innanbygds jaktlag likt. Det vart inngått nye avtalar for begge jaktfeltene i 2008. Sist vinter gjorde fjellstyret ein jobb med å laga nye retningslinjer for elg- og hjortejakta i allmenningen, bygd på dei retningslinene som tidlegare er laga av Norges Fjellstyresamband.

7. SMÅVILTJAKT

2008 viste seg å verta eit minst like dårleg år for småviltet som dei to føregåande. Minimalt med smågnagarar gjorde truleg at rypa vart hardare beskatta av roviltet. Mykje snø den føregåande vinteren spelte truleg og inn i negativ lei for fjellrypa, med tanke på sjansen for å finna eigna hekkplassar om våren. Fjellstyret informerte om dei dårlege utsiktene til alle som tok kontakt før og under jakta, og fekk på den måten redusert etterspurnaden etter jakt noko. Fjellstyret valde og å kutta ut alt kortsal på salsstader utanfor Aurland kommune. Nedgangen i jaktkortinntekt frå året før utgjorde omlag 20 %, eller ca. 9.000 kroner. I tal selde kort var nedgangen 30 %. Dette var den andre sesongen det var høve til å løysa jaktkort for Aurland statsallmenning på nettstaden *inatur.no*. Tredjeparten av kortsalet føregjekk via nettet dette året.

Fordelinga av selde jaktkort i 2008 og dei to føregåande åra:

	2008	2007	2006
1 dag	47	63	54
2 dagar	40	91	61
3 dagar	38	40	39
1 veke	8	15	12
Sesong	29	24	25
Sum:	162	233	191

I tillegg vart det selt 15 jaktkort i området Myrdal – Broksfjellet, der fjellstyret har avtale om felles jaktormåde mellom statsallmenning og ei privat sameige. Året før vart det selt 29 kort i dette området.

Innkomne rapportar frå jegerane viser følgjande innrapporterte felling av småvilt i 2008 og dei 5 føregåande åra:

År:	2008	2007	2006	2005	2004	2003
<i>Tal rapportar</i>	17	74	76	93	124	93
<i>Tal jakt dagar</i>	32	139	152	225	298	260
<i>Felte ryper pr. jakt dag</i>	0,8	0,6	0,6	1,0	1,0	1,2
<i>Fjellrype</i>	25	74	80	192	257	282
<i>Lirype</i>	1	4	15	28	36	17
<i>Hare</i>	1	2	2	8	8	12
<i>Villmink</i>	-	-	-	1	-	-
<i>Raudrev</i>	-	-	-	-	1	-
<i>Røyskatt</i>	-	-	-	-	-	7
<i>Ramn</i>	-	-	-	-	-	1

Tabellen syner at det etter dei gode småviltåra 2003-2004 har vore ein jamn nedgang både i jaktutbyte og i interessa for å jakta. Det konklusjonen kan ein trekkja, sjølv om det varierer mykje frå år til år kor mange som sender inn jaktrapport for småvilt.

8. FISKE

Sommaren 2008 var flott i fjellet, med bra temperaturar og lange periodar med godt ver. Dette gjorde at interessa for å reisa til fjells på fiske var stor. Salet av Aurlandskortet, sportsfiskekortet som dekkjer dei fleste fjellvatna i kommunen, både på privat grunn og statsallmenning, var større enn noko år tidlegare sidan ordninga vart organisert i 1997. Omlag 39 % av inntektene av dette felleskortet gjekk til fjellstyret i år, ut frå korleis salet fordelte seg.

Salet av sesongkort for garn var og noko større enn det brukar å vera. Resultatet av garnfisket var derimot meir på det jamne – omlag på gjennomsnittet for dei 10 føregåande åra. Væl 1,6 tonn fjellaure har fjellstyret fått rapport om frå dei som fiska. Gledeleg er det at gjennomsnittstorleiken på oppteken fisk har auka til 0,47 kg. Tidlegare har denne lege på omlag 0,4 kg. Fisket fordelte seg på heile 47 vatn i allmenningen. Garnfisket i Nyhellermagasinet utgjer likevel over 50 % av totalfangsten. Meir detaljert oversikt over fangstane følgjer på dei neste sidene.

Tal frå fangststatistikken for 2008:

<i>Selde garnkort:</i>	114	
<i>Innlevert fangstrapport:</i>	106 (93 %)	
<i>Tal garnnetter:</i>	1757	
<i>Tal fisk:</i>	3354	(av dette 216 på stong)
<i>Kg. fisk</i>	1632 kg	(" " 69,5 kg på stong)
<i>Største fisk:</i>	1,7 kg	
<i>Fiskeinnsats pr. fiskar</i>	19 garnnetter	
<i>Sesongfangst pr. fiskar</i>	17 kg (gjennomsnitt av dei som har fiska)	
<i>Fangst pr. garnnatt:</i>	0,9 kg (1,9 fiskar)	
<i>Gjennomsnittstorleik:</i>	0,47 kg	

Fiskeutsetjing

Fjellstyret sette som vanleg ut fisk i ein del uregulerte vatn i allmenningen. Dette året vart det sett ut 7.800 sommargamle setjefisk av lokal stamme, produsert av Aurland Setjefisk BA. 22 frivillige var med på dugnadsjobben, i tillegg til fjellstyret sine tilsette. I tillegg til dette kjem fiskeutsetjingane som E-co Vannkraft er pålagde å gjera i alle regulerte vatn. Oversikt over fiskeutsetjinga ligg ved.

Prøvefiske

Eitt vatn i allmenningen vart prøvefiska i september 2008 - fremste Melavatnet. Det var 7.-klassen på Aurland barne- og ungdomsskule som gjennomførte fisket, saman med fjelloppsynet. Konklusjonen av fisket var at bestanden i vatnet har svært god kvalitet og kondisjon, med fisk i fleire aldersklassar. Største fisk var oppunder 800 g. Resultatet tyder på at fiskeutsetjingane dei siste åra har vore høvelege i dette vatnet.

pH-målingar

Det vart ikkje gjort målingar av pH i fjellvatna i Aurland denne sesongen. Den generelle utviklinga i Sør-Noreg er at pH-nivået har betra seg frå det var på det lågaste kring 1990 og fram til i dag. I nokre høgfjellsvatn kan det sjå ut til at ein dei siste åra har hatt meir naturleg rekruttering, d.v.s. vellukka gyting, enn ein har hatt tidlegare. Det kan ha samanheng med betre vasskvalitet, men det kan og ha samanheng med bruk av meir lokale aurestammar i utsetjingsmaterialet, og med tilhøve påverka av klima/vasstemperatur.

9. ØKONOMI

Driftsrekneskapen til fjellstyret for 2008 syner driftsinntekter på kr. 1.540.923 og driftsutgifter på kr. 1.527.522, noko som gjev eit driftsoverskot på kr. 13.401. Driftsoverskotet vert lagt til den frie eigenkapitalen.

Aurland, den 3.2.2009

Per Dale
fjellstyrelseiar

Anne Karin Buene

Osvald Turlid

Bente Steine

Olav Grønsberg

Vedlegg:

- Fangststatistikk fiske, Aurland statsallmenning 2008
- Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning i 2008
- Fjellstyreerekneskapen for 2008

Fiskestatistikk Aurland statsallmenning 2008

Vatn	Tal garn	Tal fisk	Kg. fisk	Største fisk
Bendikshaugvatnet	4	16	8	0,9
Berdalsvatnet nedre	10	0	0	
Dyranosvatn nedre	6	6	1,9	0,5
Dyranosvatn øvsta	34	87	33	0,7
Grodalsstrupevatn	4	6	4,8	0,9
Grovjuvvatn nedsta	5	3	0,8	0,4
Hellenutvatnet	10	15	7,1	0,6
Holmavatnet	70	202	87	1,2
Høganosi småvatn	5	5	1,7	0,45
Katlamagasinet	114	116	35,4	0,8
Kjeldhusnosvatn heimste	20	54	23,5	0,95
Kjeldhusnosvatnet fremsta	6	29	23,5	1
Kreklevatn stora	5	28	15	0,9
Kvalryggvatnet	1	0	0	
Langavatnet 1393	28	51	20,5	0,63
Langavatn 1395	5	7	2,4	0,5
Langavatn Kongshelleren	80	130	72	1,7
Langavatnet/ Adamsvatnet	153	280	98,8	0,6
Norrdalsvatnet	11	14	5,2	0,7
Melavatnet heimsta	3	13	7,8	0,7
Melavatnet fremsta	2	8	4,8	0,65
Mellomvatn mellomste	35	143	61,4	0,8
Mellomvatn nedre	3	9	4,5	0,6
Nyhellermagasinet	802	1667	783,5	1,3
Rynjulsvatnet	2	0	0	
Stemmerdalen over terskel	8	50	14	0,35
Stemmerdalshalli	5	16	7,5	0,9
Storebotnvatn nedsta	5	20	4,6	0,3
Svartavatnet	126	130	118	0,9
Vargebotnvatnet	3	2	0,8	0,4
Vargevatn småvatn	2	2	0,6	0,3
Vargevatn store	86	110	47,1	0,9
Vargevatn vetla	30	90	48	1
Veiverdalsvatnet stora	2	0		
Vestredalsmagasinet	32	13	4,2	0,4
Vetlebotnvatnet	40	32	15,5	0,55
Totalt	1757	3354	1562,9	

Oppsummering:

garnfiskarar sendt melding	92
ikkje fiska	14
ikkje sendt melding	8
Utskrivne kort	114
% har sendt fangstrapport	93 %

Fiskestatistikk 2008, s. 2:

Gjennomsnittleg innsats (av 92 som har fiska): 19 garnnetter

Sesongfangst pr. fiskar: 36,5 fisk eller 17 kg fisk

Fangst pr. garnnatt: 1,9 fisk eller 0,89 kg fisk.

Gjennomsnittstorleik pr. fisk: 0,47 kg.

Fisket har vore fordelt på 47 vatn i statsallmenningen.

Sportsfiske					
Alvsvatnet		2	0,9	0,6	
Berdalsvatn nedsta		3	0,75	0,3	
Bolhovd småvatn		1	0,3	0,3	
Breibakka		2	1	0,5	
Brubotten		10	2,8	0,2	
Dyranosvatn øvsta		3	0,8	0,3	
Grønebotn småvatn		1	0,35	0,35	
Hedlenuten elvi		12	7	0,6	
Katlamagasinet		17	4,75	0,35	
Katlanosvatn		13	2,2	0,22	
Langavatn 1393		5	1,7	0,53	
Langavatnet Holene		12	3,2	0,35	
Leiteryggvatn øvsta		10	3	0,35	
Melavatnet heimsta		5	4	0,95	
Nyhellermagasinet		25	7,2	0,5	
Stemmerdalshalli		1	0,8	0,8	
Stemmerdøla		52	13,82	0,4	
Svarterandvatn		6	1,5	0,25	
Rausdøla		5	1	0,2	
Rynjulsvatnet		3	2,2	0,8	
Vesterdalsmagasinet		17	5,68	0,65	
Uspesifisert statsallmenningen		11	4,5		
Totalt innrapportert sportsfiske		216	69,45		

Total innrapportert fangst Aurland statsallmenning 3570 fisk eller 1632 kg.

Fjordsenteret 28/1-09

Håkon Øydvin

FISKEUTSETJING I AURLAND STATSALLMENNING 2008

Vatn:	M.o.h.	Areal:	Utsett:	Utsetjar:
Austfjelli:				
Leitevavn øvsta	1400	69 daa	200 stk.	Per Selboskar
Norddalsvatnet	1434	115 "	1000 "	Olav Hande, Trygve Skjerdal
Toddyvatnet	1488	83 "	200 "	Olav Hande
Vetlemelavatnet	1466	216 "	300 "	Per L. Terum
Fremste Kjeldhusnosvatnet	1458	350 "	400 "	Magne Lundeland
Veiverdalsvatn, stora	1360	162 "	300 "	Steinar Tønnesen
Ljosegrunnsvatn stora	1455	1184 "	350 "	Sigurd Tore Øyum
Ljosegrunnsvatn vesle	1451	355 "	150 "	Sigurd Tore Øyum
Svarthovdvatnet	1450	350 "	300 "	Tunde F. Nesbø
Holmahøgdene 3 småvatn	1515-33	200 "	300 "	Lars Moland, Ingunn Stokstad
Store Liavatnet	1498	280 "	1500 "	A.I.Øyum,R.Tønnesen,E.I.Nesbø
Bolhovd småvatn	1420	23 "	150 "	Øystein Flaget
Bolhovdvatnet	1560	108 "	200 "	Øystein Flaget
Vestfjelli:				
Langavatn Holene	1340	83 "	200 stk.	Marcus Davidsen
Dyranosvatnet nedste	1432	106 "	150 "	Kim Tage Davidsen
Vargebotnvatnet	1407	161 "	150 "	Per Veum
Alvshellervatn	1460	44 "	150 "	Håkon Øydvin
Vargevatn vesle	1474	812 "	600 "	Øystein Flaget
Håskard-Langavatn småvatn	1420	41 "	200 "	Håkon Øydvin
Håberg, vatn under	1388	64 "	150 "	Merete Rein
Bendikshaugvatnet	1422	60 "	400 "	Sjur Ryum, Terje Tokvam
Baksabotn	1170	76 "	150 "	Gulleik Ølmheim
Paulvotni ned.	1305	92 "	100 "	Erling I Nesbø
Paulvotni øv.	1335	238 "	200 "	Erling I Nesbø

Til saman:

7800 stk.

Pakkegjeng: Oddvar Veum, Sigurd Bjelde, Trygve Tokvam, Reidar Tokvam, Håkon Øydvin.

Fjellstyrekontoret, den 19/9-08